



Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/193881-4

Dykkar referanse: Vår dato:
18/3676 - 19/27302 01.10.2019

Uttale – Dispensasjon – Frådeling – Fv. 57 – Gnr. 116 bnr. 4 Lauvås – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 17.09.2019. Lindås kommune ber om uttale til søknad. Frist for uttale er 14.10.2019.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om frådeling av eksisterande bustad på gnr. 116 bnr. 4 i Lindås kommune. Eigedomen har avkøyrsløye til fylkesveg 57.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Vurdering:

Eigedomen har avkøyrsløye frå fv. 57, og det er lagt ved kopi av avkøyrsløye frå 1993 til søknaden.

Arealet som er omsøkt frådelt inngår dels i det pågåande planarbeidet for *Fv 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad*. Planen var på første gongs høyring i november 2018.

I denne planen er dagens avkøyrsløye stengt og leda inn på ei avkøyrsløye lengre nord. Store delar av tomte er planlagt regulert til o_SVG1, det vil seie *Annan veggrunn – grøntareal*, og vil bli del av veganlegget. Det er også lagt til eit føresegningsområde #21 ved bustaden, som er areal avsett til rigg og anleggsområde. Det vil seie areal som trengs i tida vegen vert utbygd. Det kjem fram av søknaden at tiltakshavar kjenner til dette.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø




Fig: Del av framlegg til reguleringsplan. Omsøkte tomt er markert.

Med bakgrunn i at det er lagt fram eit avkøyrsløyve for eigedomen, samt at det er regulert ny avkøyrsløye i framlegg til ny reguleringsplan, har vi ikkje vesentlege merknader til omsøkte frådelling.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggrupeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.